


Årsplan for Harøy barnehage 2009/2010



Nøtteliten




Kråkebollen



Sjöstjerna



Krabben



Myklebust

NYTT ÅR VED HARØY BARNEHAGE ☺

Kvar barnehage skal etter Lov om barnehagar utarbeide årsplan for den pedagogiske verksemda. Årsplan skal ta utgangspunkt for Rammeplan barnehagen, men samtidig vere lokalt forankra og tilpassa. Årsplan skal fastsettast av Samarbeidsutvalet ved barnehagen.

Årsplan skal:

- Vere styringsreiskap for personalet i den vidare planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering av det pedagogiske arbeidet ved barnehagen.
- Vere informasjonsdokument for foreldre, politikarar, eigar, samarbeidande organ og andre interesserte.
- Vere utgangspunkt for foreldra si mulegheit for å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Kjelde til fagleg fornying og utvikling.

Årsplan for 2009/2010 er i to deler:

1. Årsplan for Harøy barnehage.
Den generelle delen inneheld lovteksten frå § 1, 2 og 3 frå Lov om barnehagar, prenstasjon av avdelingane og tilsette, verdiar Harøy barnehage arbeider mot, om samarbeid mellom heim og barnehage og litt om samarbeid med andre einingar og instansar.
2. Kalender for kvar avdeling som viser arbeid gjennomgåande og periodevis planer for året

Årsplan er fastsett i møte i Samarbeidsutvalet den 22.09.2009

Harøy i september 2009

Berit Eidem
Leiar for barnehagetenester/styrrar

2 Lov om barnehagar.

Lov om barnehager (barnehageloven).

Kapittel I. Barnehagens formål og innhold

§ 1. Formål

Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem.

Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier.

Eiere av private barnehager kan i vedtektene bestemme at andre ledd ikke skal gjelde.

Private barnehager og barnehager eiet eller drevet av menigheter innen Den norske kirke kan i vedtektene fastsette særlige bestemmelser om livssynsformål.

§ 2. Barnehagens innhold

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal bistå hjemmene i deres omsorgs- og oppdrageroppgaver, og på den måten skape et godt grunnlag for barnas utvikling, livslange læring og aktive deltakelse i et demokratisk samfunn.

Omsorg, oppdragelse og læring i barnehagen skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for bærekraftig utvikling. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

Kapittel II. Barns og foreldres medvirkning

§ 3. Barns rett til medvirkning

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.

Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.

Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene.

Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

3 PRESENTASJON AV AVDELINGENE OG PERSONALET.

Harøy barnehage har 85 barn i alderen eit til fem år. På Huse har Harøy barnehage tre avdelingar, Sjøstjerna med 29 barn, Krabben med 14 barn og Kråkebollen med 19 barn. Ved den nyoppstarta avdelinga på Myklebust er det 13 barn i småbarnsgruppe, ved Nøtteliten på Steinshamn er det småbarnsgruppe med 10 barn.

I avdelinga på Myklebust og på Sjøstjerna er det utvida grupper med tilsvarande ekstra bemanning.

NØTTELITEN

Ingrid Huse (pedagogisk leiar)
Henny Huse (assistent)
Randi Eik (assistent)
Nina Farstad Myklebust (barne- og ungdomsarbeidar)

KRÅKEBOLLEN.

Anne Johanne Heggen (pedagogisk leiar)
Laila Alvestad (barne- og ungdomsarbeidar med utvida oppgåver og ansvar)
Inger-Svanhild Myklebust (barne- og ungdomsarbeidar)
Ingunn Kvernberg Huse (assistent)
Linda Breivik (ekstra)

KRABBEN

Kristin Huse (pedagogisk leiar)
Anita Eliassen (barneleiar med utvida oppgåver/ansvar)
Randi Husøy (assistent)
Berit Balstad (barneleiar)

SJØSTJERNA

Mariann Husøy (pedagogisk leiar)
Perny-Oddbjørg Johansen (pedagogisk leiar)
Heidi Brunvoll (fagarbeidar)
Heidi Hjelle (assistent)
Ann Kristin Bueng (tilsvarande fagarbeidar)

MYKLEBUST

Karin Grytten (assisterande styrar)
Irene Finnøy Breivik (pedagogisk leiar)
Heidi Faksvåg (assistent)
Nina Garnes (assistent)
Rut Otterlei (assistent)

Leiar for barnehagetenesta/styrar: Berit Eidem

4 HARØY BARNEHAGE SITT VERDIGRUNNLAG.

Harøy barnehage arbeider ut i frå loven og rammeplana sine samfunnsmandat og verdigrunnlag. Vi vil legge vekt på områda under:

- I Harøy barnehage er vi omsorgsfulle og viser respekt for alle.
- Vi tek barns rett til medverknad på alvor.
- I Harøy barnehage vil vi at leik og læring skal gå hand i hand.
- Vi vil at alle barn skal trives i barnehagen og at glede og humor skal fylle dagane.
- I Harøy barnehage arbeider vi for ei bærekraftig utvikling, ved å bruke og lære om miljø og naturen rundt oss, lærer vi å verne om miljøet.
- Vi vil at barnehagen skal arbeide for at alle skal kjenne seg inkludert i fellesskapet.

Punkta er vidareført i gjennomgåande og periodevise arbeid gjennom året. Viser til kalender for kvar avdeling.



5 OMSORG, LEIK OG LÆRING.

Omsorg, leik og læring er i den nordiske barnehagetradisjonen nært knytt saman og skal gjennomsyre heile barnehagedagen. Tilsette ved barnehagen har yrkesetisk forpliktelse til å handle omsorgsfullt overfor alle barn, vere oppmerksom og open for kvart barn og det unike i kvar situasjon og i barnegruppen. Vi skal vere lydhøre, vise nærheit og innleving, evne og vilje til samspel. Gjennom gode relasjonar heime og i barnehagen skal barn utvikle tru på seg sjølv og andre.

5.1 DAGSRYTME

Mål for dagsrytmen i barnehagen:

- Skape tryggleik og trivsel i kvardagen gjennom kjente hendingar og situasjonar for barna.

Avdelingane har ei nokolunde fast dagsrytme å arbeide etter. Det er eit viktig reiskap og ein del av det pedagogiske arbeidet vårt. Læring skjer heile tida, så vel i formelle som i uformelle situasjonar. At barna veit kva som skal skje og ting gjentek seg dag etter dag skaper tryggleik og trivsel.

5.2 KVARDAGSAKTIVITETANE.

Mål for mottak og avskjed:

- Barn og foreldre skal kjenne seg velkommen om morgonen og avslutte dagen på ein god måte i barnehagen.

Vi ser at kvar familie har sin måte å ha bringing og henting i barnehagen på, og at dette kan veksle mellom om det er mor eller far som er med. Vi prøver å tilpasse oss kvar enkelt, hjelpe og støtte når det er nødvendig t.d. ha eit fang å sitte på, sørge for å finne leikekamerater, eller plass ved frukostbordet. Det overordna er ein god start og avslutning på dagen. På slutten av dagen kan det vere hektisk i det er mange som går for dagen. Likevel prøver vi å fortelle litt frå dagen til kvar enkelt. Foreldre må huske å seie i frå til tilsette frå si avdeling når ein forlet barnehagen. Dette gjeld spesielt når alle barna er ute.

Mål for av- og påkledning i garderoben:

- Barna skal lære å kle på seg sjølv i den grad dei greier ut frå alder og føresetnad.
- Øve seg på å hente kle og sko frå hyller, stativ og knagger – og å henge på plass etter seg

I garderoba før og etter uteleik skal barna få trening i å kle av/på seg sjølv og evt hjelpe kvarandre. Kor mykje ein klarer er ut i frå alder og føresetnad. Personalet skal hjelpe, støtte og motivere. God tid, oppmuntring og positiv stemning skal prege situasjonen.

Mål hygiene og stell:

- Alle barn skal vere tørre, reine og varme i barnehagen.
- Formidle positive haldningar til reinslegheit og hygiene.

Barna skal vaske hender før og etter måltid og etter toalettbesøk. På småbarnsgruppene skal barna stellast med varme og omsorg, slik at barna til ein kvar tid kjenner seg trygge og er tørre og reine. Når barna er klare for å slutte med bleier ønskjer vi samarbeid med foreldra omkring dette.

Mål for kviling/soving:

- Barna skal få nødvendig ro for å kvile eller sove i barnehagen.

Å kvile og sove er nødvendig del av dagen i barnehagen, særleg for barn på småbarnsgruppene. Barnehagen har egne soverom med senger, nokre gonger er det tryggast å bruke vogner. Balanse mellom aktivitet og kvile gjer godt for barn uansett alder. Eldre barn kviler seg med å trekke seg tilbake, sjå i bok eller leike åleine ei stund på dagen.

Mål for måltid:

- Barna skal bli god og mett ☺
- Barna skal lære seg å bli sjølvstendige og lære seg bordskikk.
- Oppleve måltidet som positivt fellesskap.
- Bruke mat og måltid til å lære frå fagområda i Rammeplan (antal, rom og form, helse, natur, ord- og begrepstrening)

Avdelingane har som regel fast tidspunkt for måltid kvar dag. Vi har to ernæringsmessige fullverdige måltid i løpet av ein dag. Barna har med niste til frukost. Vi legg vekt på å ha god tid, barna er somme tider med på å førebu måltider. Vi prøver å få til at barna sit roleg på stolen, er høfleg med kvarandre og lærer å smøre skiva, ha på pålegg og etterkvart helle drikke i koppen. Personalet spis saman med barna og er rollemodellar for barna, hjelper og støtter der det trengs. Etter måltidet sett barna fat, kopper og bestikk på benken/trillevogna.

Personalet har ei særleg viktig rolle i småbarnsgruppene – både med omsyn til måltidets primærfunksjon å bli mett og i høve læring av ord og begrep.

Viser til Retningslinjer for mat og måltid i barnehage utgitt av Sosial og helsedirektoratet.

5.2 LEIK I BARNEHAGEN.

Mål for leik i barnehagen:

- Vi vil at barn skal ha god tid til leik inne og ute.
- Vi vil at leiken skal inspirere til fantasi, skaperglede og livsutfalding.
- Voksne i barnehagen skal ha blick for barna sine interesser og leikefelt, støtte, inspirere og oppmuntre. Ikkje sette i gang leik/aktivitetar som er utan meining for barna.

Leiken er ein grunnleggande livs- og læringsform barn uttrykker seg gjennom. Leiken har verdi i seg sjølv og er ein viktig del av barnekulturen. Leiken har mange funksjoner, alle er samde om at den under gunstige vilkår fremmer både personleg og sosial vekst og utvikling. Vi ser og at det er mykje glede, humor og engasjement i leiken. I uteleiken får ein bruke sansane til å gjere seg erfaringar og å styrke grunnleggande fysisk/motoriske ferdigheiter. Dersom barn fell utanfor leiken skal barnehagen følgje opp dette spesielt.

6 LÆRINGSPROSESSAR OG SJU FAGOMRÅDE

Vi arbeider ut frå at læring i førskulealder er ein kontinuerleg prosess, der læring foregår i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet, og er nært vevd saman med leik, oppdragelse og omsorg. Det er ikkje hensikt å skille mellom uformelle og formelle læringssituasjonar. Begge har eit pedagogisk formål. Dei sju fagområda må knytast til formelle og uformelle læringssituasjonar.

Vi ser at barn treng tid og at læringsutbytte er best når ein bygger på det barna kan noko om frå før. Gjennom utviklingsarbeidet om barns rett til medverknad har vi gode erfaringar med å jakte på barns interesser og intensjonar. Er vi medundrande fangar vi opp desse og hjelper barn til å utvide forståelse og kunnskap. Barn blir glade over å meistre! Likevel må det vere ein balanse mellom det som barna styrer sjølv og det som personalet leier. Nokre gonger må vaksne ta initiativ og sette barn på sporet til leikens mulegheiter.

Rammeplan for barnehagen seier at barn skal få grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheiter.

7. SAMARBEID MED HEIMEN

Målsetjing med samarbeid med heimen:

- Møte foreldra venleg og med respekt
- Arbeide for openheit og dialog
- Ha gode formaliserte samarbeidskanalar
- Gi god informasjon

Ved vår barnehage samarbeider vi på ulike plan:

- Samarbeid i kvardagen ved bringing og henting av barn er kanskje den viktigaste møtestaden mellom foreldre og personalet. Denne møtestaden gir mange høve til å utveksle informasjon om korleis barnet har det i dag.
- Nyttig informasjon finn ein på white-board tavla i kvar garderobe.
- Informasjonsavisa BARNEHAGENYTT skal formidle nytt frå barnegruppene, personalet, samarbeidsutvalet og andre saker som er av interesse for foreldra. Barnehagenytt vert lagt ut på Sandøy kommune si heimeside www.sandoy.kommune.no under Barnehagetenester.
- Foreldre kan søkje pedagogisk personale om råd og rettleiing i høve problemstillingar om barns utvikling og læring.
- Foreldre kan også bruke e-post til dei pedagogiske leiarane.
- Foreldremøte ein eller to gonger i året
- Foreldresamtaler fast ein gong pr år. Tilbod om samtale for nye ved oppstart og elles for foreldre som ønskjer samtaler fleire gonger pr år.
- Samkome og dugnad
- Alle foreldra sit i foreldrerådet
- Samarbeidsutvalet ved Harøy barnehage.
Samarbeidsutvalet ved barnehagen består av to representantar frå foreldra, to frå tilsette og to frå kommunen som eigar

8 Samarbeid med andre einingar og instansar.

Skulen og barnehagen har kontakt og samarbeider spesielt om dei barna som skal slutte i barnehagen og begynne på skulen. På vårparten er det samarbeidsmøte mellom rektor og komande klassestyrar i 1. klasse og pedagogiske leiarar og styrar frå barnehagen. Formålet med møtet er først og fremst informasjon om barnehagen sitt arbeid gjennom året. I den grad skulen ønskjer informasjon om enkeltbarn spør barnehagen foreldra om løyve til å gje frå seg opplysningar som gjeld kvar enkelt barn.

Barnehagen får delta på kulturarrangement på skulen når førskulebarn er i målgruppa.

Barnehagen samarbeider med PPT for Sandøy med tiltak overfor enkelte barn.

Barnehagen samarbeider med helsestasjonen omkring felles satsingsområde som t.d. kosthald og fysisk aktivitet.

PPT, helsestasjon og barnehagen har også ei samarbeidsgruppe som har til formål å samordne og koordinere tiltak over barn med særskilte behov.

9 Om pedagogisk dokumentasjon og vurdering

PEDAGOGISK DOKUMENTASJON

Vi ser på pedagogisk dokumentasjon som synleggjering av kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. I barnehagen har kvar avdeling kvart sitt digitale kamera og vi skriv ut bilete på fargeskrivar. Vi skriv tekst til og dette vert hengt opp i barnehagen både med tanke på informasjon til foreldra og som utgangspunkt for samtaler med barna. Vi legg til grunn eit etisk perspektiv når vi presenterer bilete av enkeltbarn og grupper. Det kan t.d. vere: sørgje for at alle barn er med, vi viser gode situasjonar, vi set ingen i dårleg lys.....

Kvart barn får og bilete og tekst i permene sine.

VURDERING AV BARNEHAGENS ARBEID

Barnegruppa og enkeltbarnet sin trivsel og utvikling skal observerast og vurderast kontinuerleg. Observasjonane vert brukt som gjenstand for drøfting i forbetringstiltak for kvar avdeling, samt som utgangspunkt for foreldresamtaler.

Informasjonsskriv frå kvar avdeling til heimen om opplevingar og erfaringar i barnegruppa, gjerne etter temaslutt.

Den nye rammeplan vektlegg at barna sine syn og erfaringar (barn rett til medverknad) skal inngå i vurderingsarbeidet og skal leggjast til grunn for vidare planlegging.
